

HVA MÅ GJØRES ?

ORGAN FOR SUF(m-l)-stud.

To linjer - to organi- sasjonar

Dette nummeret av "Hva må gjøres?" er heilt ut
viggd til Arne Overreins "Kommunistiske" Arbeids-
gruppe - dei ni som nyleg meldte seg ut av SUF
(m-l)-stud., og deira sympatisørar.

Vi syner dei ikkje så stor merksemd fordi dei
er ei viktig gruppe. Vi trur Arne Overrein har
rett når han i Studentersamfunnet 2.3. slo
fast at "vi er ein liten klikk, og vil framleis
vere det i lang tid framover". På den eine si-
da vonar vi at gruppa - dersom ho tek steget
ut i den praktiske klassekampen - vil ta progres-
sive standpunkt ut frå folkets interesser.
Men på den andre sida er vi også samde med
Overrein og utbrytarane når dei seier at
linja dei fører fram er ei anna emn den som
m-l-rørsla har stått og står for. Difor finn
vi det naudsynt å gje eim konsentrert svar
på det gruppa står for - og ta opp dei viktige
spørsmåla der dei har brote med marxis-
men-leninismen.

Først litt om omfanget av splittelsen. B.T.
skriv (19.2.) optimistisk om mulighetene
for "sprengning av venstresida". Og redak-
toren i Studvest vonar på nye og liknande
utbrot andre stader i landet. La oss kort
slå fast: Splittelsen gjeld ikkje AKP(m-l)
- berre SUF(m-l). I SUF(m-l) berre i Ber-
gen. I Bergen berre på Universitetet. På
universitetet berre på filosofisk insti-
tutt. Dei ni med sine følgjesveinar - stort
sett frå same institutt - har organisato-
risk ingenting å stille opp mot korkje
AKP(m-l) eller SUF(m-l). AKP(m-l) er eit
landsfattende parti, med fleirtalet av
medlemmene sine fagorganiserte. Partiet
har røter på dø viktigaste industriet-
stadene over heile landet. Vekeavisa "Klas-
sekampen" går i eit opplag på over 12000.

Politisk står AKP(m-l) einskapleg og handle-
kraftig på ein politikk ut frå klassekampens
krav. Denne våren blir viktig for det norske
folket. Kampen mot snikinnmelding i EEC,
mot matmomsen, mot bedriftsnedleggning, for
50-mils fiskerigrense osb. er alt saman vik-
tige kampsaker for folket. Men skal vi vinne
fram med desse krava, trengst det einskap av
alle progressive og folkelege krefter om ein
politikk ut frå folkets interesser. Dette er
ikkje berre naudsynt for å vinne siger i ein-
skildsakene. Ein slik einskap peikar også
framover - mot at større arbeidargrupper riv-
seg lause frå LO/DNA-heiminga og går mot ven-

M-l-rørsla og Arne Overreins
"Kommunistiske Arbeids-
gruppe" (KAG)

stre. Særleg er utviklinga i fagrørsla viktig
i så måte.

AKP(m-l) går inn for å skape ein slik einskap. Vi har innsett at ingen av dei organiserte
venstrekreftene åleine er sterke nok til å
ivarera folkets behov - heller ikkje vi. I fagrørsla steller vi parolene "Styrk kampkræfta
til fagrørsla - Einskap for arbeidarklassens
interesser" som retningsgjevande både for oss
sjøl og andre progressive. Vi har gått inn for
at 1. mai skal manifestere ei samling bak folkets
viktigaste dagskrav. Og sjøl om vi har x
styrke nok til å stille eigne vallister i alle
fylke, går vi primært inn for ein brei val-
front som kan samle alt til venstre for DNA/
LO-toppen.

Dette er ein politikk i samsvar med folkets
behov, og i samsvar med våre prinsipp for ein-
skapsfronten og kampan for dagskrava. Det er
ingen "lur taktikk" for å "unngå å bli isolert"
- slik mange av våre kritikkarar hevdar. Arbei-
darklassen treng einskap!

Marxist-leninistane set heile si kraft inn bak
ein slik politikk. Overreins gruppe priori-
terer sine små krefte heilt anleis. Det
"teoretiske oppbyggingsarbeidet" er viktig-
ast. Universitetet blir hovudarbeidsfeltet.
Avgrensing frå andre grupper - "ideologisk
kamp" - å dei som hovudsaka. Og det vi til
no har sett av gruppa, gjev oss ein klar pei-
kepinn om kva retning det bør i:

* Intellektualistisk teoretisering og bokstu-
dier - istadenfor å utvikle politikken gjenn-
om å sameine teorien med praksis og erfa-
ring frå norsk klassekamp.

* Analyser (f.eks. av småborgarskapet, fag-
rørsla) fjernt frå norsk røyndom.

* "Venstre"-linjer og linjer med "tronge front-
organisasjønar" på eit "høgt teoretisk nivå".
Uansett kor "sosialistisk" og "revolusjonær"
dei kan få denne linja til å sjå ut, så vil
resultata av den bli at folkets krefter blir
splitta og communistane isolerer seg frå mas-
sane. Vi kjem attende til dette i fleire ar-
tiklar.

Ut over dette svaret kjem vi til å bruke liten
energi på å tilbakevise Overreins gruppe. Alle
progressive som ønskjer å kjempe for folkets
sak, vil vite å avgrense seg frå gruppas
"venstre"-fraser, og gjere sitt til at den
linja dei står for aldri kjem utanfor Filoso-
fisk institutts snevre krinsar.

PÅ VAKT MOT "VENSTRE"-OPPORTUNISMEN!

KVIFOR GJEKK DEI UT?

Dei politiske motsetningane var ikkje umiddelbart årsak til utmeldingane.
På Overreins opne møte 19.2. fekk vi høyre tåredryppande historiar om koss dei "opposisjonelle" vart nekta debatt, "trikaa ut over sidelinja" av det "byråkratiske" og "stalistiske fleirtalet i SUF(m-l).

Kva er sanninga?

Overrein-gruppa har fått alle mogelege sjansar til å føre fram sin opposisjon og kritikk - ikkje berre i SUF(m-l)-stud. men over heile landet.

* Dei landsomfattande debattblada til SUF(m-l) og MLG (no AKP(m-l)) har stått fullstendig opne for dei.

* På sommarleiren til MLG 1972 vart Overrein spesielt oppmota om å leggje fram sin kritikk av MLGs programframlegg. Debatten - som særleg galdt synet på småborgarskapet - vart seinare referert i MLGs landsomfattande debattblad. På same leiren innleidde Hans Ebbing på eit seminar om teoriens betydning for m-l-rørsla.

* Etter sommarleiren skulle debatten halde fram i det lokale dabattbladet for medlemmer og sympatisørar. Etter tallause oppfordringar har gruppa presteret eitt debattinnlegg.

* Overrein vart også oppmota om å samanfatta sin kritikk av SUF(m-l)s hefte "For et fritt Norge" til SUF(m-l)s interne debattblad. Utan resultat!

* I SUF(m-l)-stud. er Overreins synspunkt blitt debattert på fleire møte utover hausten.

* Ein intern diskusjonsbulletin - "Enhet - Kritikk - Enhet" er blitt oppretta spesielt for å diskutere Overreins kritikk av m-l-rørsla. Her har gruppa fått all spalteplass dei har ønskt. Det er ikkje mangal på høve til å gjere sitt syn kjent som har hindra oppslutting om Overreins idear.

* Særskilt er det blitt avtala at Overreins skriv "Ved en skillevlei" skulle spreiaast og diskuterast i m-l-rørsla over heile landet. Og sjøl vart han invitert til studentlaga i Oslo og Trondheim for personleg å leggje fram sitt syn.

* For å bevare einskapen og halde diskusjonen innanfor organisasjonane våre, fekk SUF(m-l) lag på filosofisk institutt spesielle rettar framfor andre medlemmer - dei fekk høve til å føre fram alle sine opposisjonelle synspunkt for sympatisørlaget på instituttet. Vilkåret var at alle deltagarane i sympatisørlaget verkeleg var sympatisørar - som kritiserte m-l-rørsla ut frå at dei i hovudsak støtta den og ønskte å styrke den.

Hans Ebbing var medlem av sympatisørlaget på instituttet. Etter SUF(m-l)-stud.s vurdering av hans offentlege åtak på organisasjonen vår, fyllte han ikkje det vilkåret som var stelt. Vi avkrov han difor ein forpliktande sjølkritikk for å gje han sympatisørrettar. Vi krov ikkje at han skulle gå attende på sitt syn på småborgarskapet som ein fraksjon i den herskande klassen. Heller ikkje skulle han gå frå si vurdering av m-l-rørslas linje og innsats i kampen mot EEC: "...Ført på småborgerskapets ideologiske premisser...", "...et nederlag..." osb. Våre krav var svært moderate - sjá vedtaket.

Ebbing nekta plent å forplikte seg til ei slik haldning. Han såg "ingen grunn til ikke fremdeles spre sitt skriv "Sosialismen fra vitenskap til sitatdyrkelse" offentleg." Og Overreins "ni prinsippfaste" ga SUF(m-l)-stud. klar beskjed: Heller med Ebbing enn med m-l-rørsla!

Dette er "avtalebrotet"! Etter at Overreins gruppe hadde fått alle rettar og muligheter i den interne debatten, braut dei med m-l-bevegelsen på spørsmålet om Ebbings sympatisørstatus. Etterpå står dei fram offentleg som martyrar og fortel at "det var umogleg å få debatt internt".

-Det står enhver fritt å sverte ML-bevegelsen i massenes øyne. Enhver kan baktale vårt indre liv, vår organisasjonsform og vår innsats i massekampen. Man kan tilogmed forsøke å splitte ML-bevegelsen ved å oppfordre til enhetsfront av "alle gode krefter" mot bevegelsens valgte ledelse.

ML-bevegelsen er vant til slike angrep. De er bare naturlige og vil tilta i styrke ettersom klassekampen skjerpes og kommunistene rykker fram.

Dette heller ikke noe å si på at Hans Ebbing fører fram slike angrep dersom de dekker hans oppfatning.

-Men det står ML-bevegelsen like fritt å trekke ei klar demarkasjonslinje overfor våre motstandere. Et sympatisørforhold er basert på tillit og medforer spesielle rettigheter overfor ML-bevegelsen. Vi ser ingen grunn til å gi Ebbing adgang til vårt indre liv så lenge han misbruker den tilliten han blir vist til å servere "erfaringer" om indre forhold som "dokumentasjon" i sine offentlige angrep. Vi ser ingen grunn til å gi massane inntrykk av at Ebbings anklager er mer å feste lit til enn våre motstanderes angrep for øvrig, gjennom å gi dem en spesiell "sympatisørstatus".

-Derfor er det riktig og i samsvar med virkeligheten når MLGs DU har slått fast at Ebbing i høst ikke har fungert som sympatisør av ML-bevegelsen. Han bør ikke få de rettigheter som tilkorrerer en sympatisør i noen ML-organisasjon før han i praksis har vist at han ønsker å styrke ML-bevegelsen og gje dens oppslutning i massene.

-Dersom vi skulle ha tatt feil av Ebbings egentlige hensikter eller dersom han har skifta syn, kan han gjenvinne tilliten ved å føre fram en grundig sjølkritikk overfor massene og overfor ML-bevegelsen.

I en slik sjølkritikk bør Ebbing beklage -at han har brutt tillitsforholdet til ML-bevegelsen ved å bruke adgangen til interne forhold til å stille bevegelsen i et dårlig lys.
-at han ikke har lagt fram og diskutert sine angrep innad før han kjørte dem ut offentlig.
-at han har satt fram oppfordringer om "enhetlig opptreden" av "de gode kreftene" mot ML-bevegelsens ledelse.

Ebbing bør også vise at han skjønner at slike angrep er skadelige for arbeiderklassens og kommunismens sak. Ettersom han på flere hovedområder av politikken forfekter ei anna politisk linje enn ML-bevegelsen, bør han legge spesiell vekt på å forklare hvorfor han ut fra MLGs og SUF(m-l)s politikk, organisasjonsform og massearbeid meiner det er riktig å støtte og slutte opp om ML-bevegelsen.

Utdrag av vedtaket i

SUF(m-l)-stud. som

utløyste brotet.

TRENGER ARBEIDERKLASSEN ET BOLSJEVIKPARTI ELLER ET "FILOSOFISK INSTITUTT (ml)?"

Arne Overreins gruppe er mot AKP(m-l). De har brutt med m-l-bevegelsen få dager før partiet ble stifta, og erkjent åpent at deres hovedoppgave vil bli å bekjempe den teori og praksis som AKP(m-l) står for. Samtidig er de for et "kommunistisk parti" i sin breie allmennhet. Hvordan oppfatter de så et kommunistisk parti og kommunistenes oppgaver?

Har de forstått at partiets oppgave er å "organisere og lede arbeiderklassens kamp hvis endelige mål er opprettinga av proletariatets diktatur og gjennomføringa av sosialismen" (Lenin)? Ser de på partiet som "kjernekrafta som fører folkets sak framover" (Mao)?

Hans Ebbing - en av gruppas hovedtalsmenn - har i heile sin omfattende stensilprospeksjon ikke synt så mye som et snev av ei slik partioppfatning. Han skriver at "m-lernes sørégne oppgave i interessekampen er å påføre de sosialistiske perspektivene". "Det er riktig og unngåelig at kampen for sosialisme må splitte, men samtidig sveiser den sammen stadig større deler av massene når den føres riktig. Eller tror SUF (m-l) at socialistene ikke har noen spesiell oppgave i interessearbeidet? I så fall har SUF(m-l) ingenting der å gjøre."

Å lede alle former for klassekamp - økonomisk, politisk, militært og parlamentarisk misk, politisk, militært, parlamentarisk og utenomparlamentarisk osb. - tilhører ifølge Hans Ebbing ikke kommunistenes sørégne oppgave. Deres eksistensberettigelse i folkets kamp er utelukkende "å påføre de sosialistiske perspektivene".

Ebbing tar ut ett element i den leninistiske partioppfatninga. Ved å gjøre dette element absolutt - rive det laus fra den heilhetlige teorien det inngår i og se bort fra alle de andre elementa - lager han ei partioppfatning som ikke er til å kjenne igjen. Å lede klassekampen, stille de riktige krava og parolene ut fra ei analyse av fiendens og folkets krefter på det gitte sted, gå i spissen for å vinne seier i kampen - alt dette er tydeligvis noe komunistene trygt kan overlate til andre - til revisjonister, reformister, populister osv. Med så ubetydelige oppgaver i klassekampen har kommunistene "ingenting der å gjøre"! Vår oppgave skulle være å fortelle folk at de må bli sosialister.

Ebbings partioppfatning har flere konsekvenser. Ettersom det ikke er noen "spesiell" oppgave for partiet å lede klassekampen, blir indre enhet, disiplin og kampdyktighet logisk nok av underordna betydning. På denne bakgrunn må vi forstå følgende elementer i Ebbings "teori":

1. FRAKSJONER KAN TILLATES I ET KOMMUNISTPARTI.

Fraksjoner setter sin egen gruppedisiplin over medlemmenes vedtak og partiets autoritet. De organiserer et "parti i partiet" med egne forbindelseslinjer på tvers av den demokratisk-sentralistiske organisasjonsformen. I siste instans fører fraksjonsmakter alltid til splittelse - i alle tilfelle gjør den det umulig for partiet å handle



som en enhetlig knyttneve overfor klassefiden. Men i Ebbings og Overreins tankegang kan fraksjoner "stimulere debatten" og er følgelig at det gode.

2. I "IDEOLOGISKE OG TEORETISKE SPØRSMÅL" SKAL DET VÆRE FULL FRIHET TIL Å GÅ MOT OG ANGRIPE PARTIETS LINJE UTAD:

Partimedlemmene skal kunne stå fram og bekjempe hverandre og eventuelt samle "massestøtte" mot partiets linje utover organisasjonen. Allerhelst så Ebbing at partiet ikke vedtar noen linje på "vitenskapelige spørsmål". Partiet kan ikke "vedta Kapitalen", som han så skarpt uttrykker det. Og et slikt utsagn kan vi vanskelig forstå på noen annen måte enn at et kommunistisk parti ikke skal ha noen linje på hovedspørsmålet i Kapitalen: At arbeiderklassen er utbytta!

Marx', Engels', Lenins, Stalins og Mao Tse-tungs teorier er nettopp det vitenskapelige grunnlaget som den kommunistiske bevegelsen over heile verden bygger på. Det er denne ideologien som avgrenser oss fra sosialdemokrater, revisjonister, trotskister, kort sagt: utgjør grunnlaget for vår eksistens som ei sjølstandig politisk retning. Men Ebbing vil gjøre vår eksistensberettigelse til et kampspørsmål utad mellom medlemmene - der partiet ikke skal ha noen linje! De som bryter med den kommunistiske bevegelsen må gjerne gjøre det. Men tilhengerne av vår bevegelse vil ikke følge dem ut i den ideologiske opplosnings hengemyr.

Men for Ebbing er prinsippspørsmål prinsipp-spørsmål. De skal ikke underlegges demokratiske vedtak, og må skiller skarpt fra aksjoner der det er riktig for mindretallet å bøye seg for flertallet.

Hva slags parti ville dette bli? Det ville bli et parti der skillet mellom ord og handling skulle settes i system. Kommunister skulle si en ting og gjøre noe annet! Utad skulle medlemmene kjøre fram og slåss om et virvar av linjer: Om partiet burde ha demokratisk sentralisme, om småborgerkapet er noe å bygge på, om vi skulle gå til kamp for dagskrava osv. Etterpå skulle vi prøve å tømre en "enhet" om "handling"! Trur virkelig noen at arbeidsfolk ville få tillit til et slikt parti, der et medlem står for ei linje og andre for ei anna? Og hva slags "enhet i aksjon" ville det bli med full spittelse i teori og tenking? I beste fall måtte det bli kadaverdisiplin! Og tilhengerne av en slik praksis anklager m-l-bevegelsen for "byråkratisk sentralisme" og "stalinisme"!

Vi kan ikke la være å nevne et par småpussigheter ved Ebbings "teori": Skillet mellom teoretiske spørsmål og aksjoner tilsvarer Ebbings skille mellom m-l-ernes særegne oppgave (å tilføre sosialistisk perspektiv) og deltakelse i den praktiske klassekampen. Ebbing er veldig mot "knefall for spontaniteten". Likefullt skal den ideologiske kampen - den "særegne oppgaven" - skje spontant uten at partiet gjennom demokratiske vedtak styrer denne kampen. Deltakelsen i den praktiske klassekampen - der m-l-erne ifølge Ebbing ikke skiller seg fra andre progressive - skal derimot foregå enhetlig og disiplinert. Forstå logikken den som kan!

3. SPLITTELSE AV DEN KOMMUNISTISKE BEVEGELSEN ER IKKE NOE ONDE.

Alt lenge før bruddet hevdet Overreins gruppe at MIG og SUF(m-l) ikke hadde "monopol" på m-l-bevegelsen. Ut fra Ebbings tenkning er dette forståelig nok. Flere organisasjoner kan sikkert drive mer "teoretisk debatt" enn en. Altså ikke noe tap for den særegne oppgaven. At arbeiderklassen trenger en sentralisert kampledelse - et kommunistisk parti - mot monopolkapitalens sentraliserte ledelse, har ingen praktisk plass i denne virkelighetsfjerne filosofien. Situasjonen i flere europeiske land, der en rad såkalte m-l-grupperinger er opptatt av å bekjempe hverandre, gir en peikepinn om den retningen Overrein-gruppa tar peiling mot. Og Arne Overrein rettferdiggjør sitt spittelsesarbeid med at spittelse i m-l-bevegelsen likevel er uunngåelig etterhvert som klassekampen skjerpes. Så hvorfor ikke starte straks? På toppen av det heile definerer de sin kamp mot m-l-bevegelsen som en ikke-antagonistisk kamp. Uansett hvor stor energi de utfolder for å svepte m-l-bevegelsen og splitte den, så forlanger de at m-l-bevegelsen skal anerkjenne deres spittelsesarbeid som en likeverdig del av bevegelsens arbeid. Deres "gruppering" skal "godkjennes" som "likeberettiget" med AKP(m-l)! Skjer ikke det, står vi overfor et nytt bevis på den "byråkratiske", "opportunistiske" og "stalinistiske" praksis i m-l-bevegelsen!


Vårt svar er klart. Også på dette punktet forsvarer vi Stalins kamp for et enhetlig bolsjevikisk kampparti for arbeiderklassen mot de intellektuelle svermere.

"FILOSOFISK INSTITUTT(m-l)"

Hva er Overrein-gruppas forbilde på et kommunistisk parti uten kommunistisk kader?

Marxismen hevder som kjent at det er menneskenes tilværelse som bestemmer deres tenking. Overrein & Co.s "teorier" er et usedvanlig klart uttrykk for dette. På filosofisk institutt produserer man stensiler og avholder seminarer. Tid, penger og klasse-

kampens strenge prioritering legger ingen restriksjoner på de endelause diskusjonene. Ebbings, Spurklands og Overreins utfall mot marxismen-leninismen og m-l-bevegelsen har status som "filosofi". Et slikt intellektuelt miljø kan være verdifullt dersom det overvinner sintrang til teoretisering lausrevet fra praksis og underlegges et kommunistisk partis samla og disciplinerte arbeid på det teoretiske området. Rett nok er det slik at den kommunistiske teorien er utvikla utafor arbeiderklassen av kommunistiske intellektuelle. Men dette må ikke få oss til å tro at et "filosofisk institutt (m-l)" er modellen for et parti som kan utvikle klassekampen fra et spontant nivå til et bevisst klassekampanivå. Bare gjennom kommunistenes aktive, ledende rolle i den daglige klassekampen, gjennom at communistene hjelper massene med å summere opp sine egne erfaringer, gjennom at communistene vinner tillit på grunnlag av sine handlinger - bare på ein slik måte kan massene tilføres den kommunistiske ideologien.



KJØP OG STUDER

LENIN: Hva må gjøres? Radikalismen - kommunistens barnesykdom

Fås på OKTOBER BOKHANDEL

Nygårdsgt. 45

mand.- onsd. og fred..:

kl. 16-18

torsd. 16-19

lørd. 11-14

Småborgarskapet – arbeidarklassens faste allierte

To spørsmål om småborgarskapet har stått sentralt i debatten med utbrytargruppa:

1) Er småborgarskapet ein "fraksjon av borgarskapet" eller er dei ein utbytta og undertrykket klasse?

2) Finst der objektivt grunnlag for ein strategisk og varig allianse mellom arbeiderklassen og det a og varig allianse mellom arbeiderklassen og det arbeidande småborgarskapet for eit sosialistisk Norge?

I pakt med sine beste demokratiske, nasjonale og sosialistiske tradisjonar stelte sjølvssette bønder og fiskarar seg side om side med med arbeiderklassen i kampen mot EEC. Positive og negative røynsler frå alle tidlegare revolusjonar syner samleis at arbeiderklassen må alliera seg med hovudtyngden av småborgarskapet og at dette både er fullt ut mogeleg og heilt naudsynt dersom den sosialistiske revolusjonen skal sigre.

Mot marxist-leninistane sitt syn har trotskistane alltid framstelt småborgarskapet som kronisk upålitande og vaklende. Hans Ebbing går endå eit steg vidare: "...kampen mot EEC (måtte) i realitet kjempes på småborgarskapets ideologiske premisser. Den objektive skillelinjen i kampen gikk mellom to fraksjoner i borgarskapet: storborgarskapet (monopolborgarskapet) som ikke lenger har noen objektiv interesse av en nasjonalstat med en viss politisk selvråderett, men av et "internasjonalt" statsapparat. - og småborgarskapet (særlig bønder og fiskerar) - som stadig har levende interesse av et nasjonalt statsapparat." På det offentlige møtet 19/2-73 stadfesta han dette synet - småborgarskapet var ein del av borgarskapet, borgarskapet var den herskande klassen, bønder og fiskarar hadde politisk makt osv.

Kva fortel norsk røyndom om småborgarskapet si st stilling? La oss sjå på bøndene som eit konkret døme. Storparten av dei er små- og mellom bønder. Småbøndene har ikkje overskot av drifta, skulda deira aukar, problema med å få endane til å møtest er ofte store. Ast er store. Mellombøndene driv med overskot nok til nyinvesteringar i maskiner og utstyr, men ikkje nok til sjøl å vera storbønder. Storbøndene som driv gardane med leigd hjelp og soleis utbytta andre, er ein del av borgarskapet, men utgjer berre eit par tusen i vårt land. Resten av bøndene er ein undertrykket og utbytta klasse. Gjennom prisreguleringer og innkjøpsordningar vert dei utbytta av landbruksmonopola (Fellesmeieriet, Gartnarhallen ssb.). Felleskapitalisten staten trykkjer dei ned med skattar og avgifter, bygdemiljøet vert rasert gjennom ein folkefiendleg distriktpolitikk: Skulesentralisering, manglande vegsamband, strukturralisering av det vesle som finst av industri på landsbygda osv.

Slik er stoda for det store fleirtalet av bønder. Men på Filosofisk institutt er dette tydelegvis kjenneteikn på ein herskande klasse, ein utbytta klasse. Borgarskapet, som lever av andres arbeid, blir blanda saman med småborgarskapet, som lever av sitt eige arbeid. Ein slik "klasseanalyse" syner oss kor langt bort frå det verkelege livet ein kan hamne når ein tek utgangspunkt i uforståtte marxistiske omgrep med det mål å avgrensa seg frå "nasjonalopportunismen" i m-l-rørsla. Slike "teoretiske utgreingar" er ikkje berre eit hån mot marxismen, men først og fremst mot dei deler av det arbeidande folket som Hans Ebbing med eit pennestrøk kastar i armane på den norske herskarklassen.

Vi kjenner berre ein som har uttrykket liknande synspunkt, rett nok i mindre "vitenskapleg" ordlag. Men så er det også nokre år sidan Håkon Lie kalla seg marxist.

Utviklinga i Norge dei siste åra har synt heilt klårt at det er objektivt grunnlag for ein allianse mellom småborgarskapet og arbeiderklassen. Arbeiderklassen har inga interesse av monopolkapitalens rasering av landsbygda. For dei betyr det hardare press og større sosiale problem i tettstadene, dyrare leve- og bukostnader. Kampen mot EEC syntet klårt korleis småborgarskapet stellte seg side om side med arbeidarklassen og var ein milestein for utviklinga av einskapen i folket mot monopolkapitalen sin politikk. Overein-gruppa svt over at "det var snevre næringsinteresser" som låg til grunn for EEC-motstanden på bygdene. Til det er det å seie:

Bønder og fiskarar skjente svært godt kva sak gjaldt. Dei nasjonale og demokratiske tradisjonane på bygdene var eit godt grunnlag for å skjone at EEC-medlemskap tydde oppgjeving av den nasjonale sjølråderetten og underkasting overfor utanlandsk imperialisme. Svært mange skjona at dei kreftene som står bak undertrykkinga i det norske samfunnet var dei som no ivra for EEC medlemskap. Det var ikkje noko "levande interesse for eit nasjonalt statsapparat" som dikterte EEC motstanden på landsbygda, men ei levande forståing av at medlemskap var i strid med deira eigne klasseinteresser (dei snevre næringsinteressene).

Og kampen har halde fram. Aksjonar for å oppretthalda greneskular har ført til siger (Årdal i Jølster). Lokale aksjonar med krav om vegsamband, bruer og andre velferdskrav veks opp. Fiskarane i Nord-Norge reiser krav om 50 mils fiskerigrense for å tryggja fiskeressursane. At småborgarskapet reiser krav og går til kamp mot monopolkapitalen og dens statsapparat er ei verdfull kraft i folkets kamp. Det svekker banda mellom herskarklassen og småborgarskapet, og knyter bønder og fiskarar fastare til arbeiderklassen.

At auka kampvilje og større politisk innsikt i småborgarskapet eksisterer side om side med inngrødde brokker av borgarleg ideologi, er ikkje overraskande for marxistar. Detsyne overraskande for marxistar. Det syner at kommunistane sitt arbeid for å fostre folket politisk og ideologisk må gå føre seg over lang tid. Vi må ta utgangspunkt i den innsikta massane sjøl har (som ofte går djupare enn hos kommunistane), stø fast opp om alle tiltak som fremjar deira interesser og utvikle deira forståing på grunnlag av praksis og erfaring.

Å ha ei nedlatande haldning til det politiske medvitet hos småborgarskapet - omtale deira rettferdige kampkrav som "snevre" næringsinteresser - er den sikraste måten å så splittele mellom komunistane og småborgarskapet. Uansett Overein & Co. s "gode vilje": Slike utsegner skil seg lite fra Norges Industriforbunds "analyse" av folkerøystinga!

Historia syner at arbeidarklassen treng ein allianse med småborgarskapet for å velte det borgarlege klasseherredømet og innføre det proletariske diktaturet. Oktober-revolusjonen 1917 hadde paroler som mobiliserte bondemassane til sikre støtter for sovjetmakta. I Kina vann folket siger etter mange års folkekrig der bøndane var hovedstyrken. Tyskland 1919 er eit døme på det motsatte. Småborgarskapet på landsbygda vart ein reserve for reaksjonen, og militaristane drukna revolusjonen i blod. Ved vala etter mai-oppriret i 1968 mobiliserte de Gaulle småborgarskapet for sin politikk med skremslar om "revolusjonens uhyre".

Ingen grunnleggjande trekk ved situasjonen i Norge tilseier at det er annleis her. Det store fleirtalet av bønder og fiskarar har inga framtid innanfor eit kapitalistisk system. Dei er dømde til

KAMPEN MOT EEC – FORSVAR AV

SJØLRÅDERETTEN

Kampen mot EEC har vore hovudoppgåva for m-l-rørsla i mest to år føre folkerøystinga. Det er inga overdriving å seie at av einskildsaker er det denne som har fått mest å seie for utviklinga av organisasjonane våre - politisk og organisatorisk. Det overraskar oss difor ikkje at Overrein brukar stort rom i sitt "brytningsdokument" til å kritisere vår "vakning og høgredreiing" i EEC-kampen, sjøl om vi frå same krinsar hørde lite til kritikken medan kampen gjekk føre seg!

Kva var linja vår? Heilt frå starten slo vi fast at kampen m.a. galdt å forsvare den nasjonale sjølråderetten. Gjennom diskusjonane i samband med oppgjeret med Hovden-gruppa (19-71) kom vi fram til auka forståing om at dette var sjølv hovedspørsmålet - det sams grunnlaget som fronten mot EEC måtte fylkast kring dersom kampen skulle vinna.

Forsvaret av sjølråderetten var grunnleggjande sett ut frå dei kortskiktige interessne åt folket. EEC-medlemskap ville føre til auka dyrtid. Særleg på matvarer og husleiger ville den kjennast. Tendensane til monopolisering og rasjonalisering i næringslivet ville skjerpast, og tusenvis av arbeidsplassar ville kome i fare. Kampkrafta til fagrørsla ville bli kraftig redusert mede dei store europeiske monopola som motstandarar. EEC-distrifiktspolitikken ville opne for full rasering av utkantstroka våre. Slik såg vi at på punkt etter punkt ville tapet av sjølråderetten bli ein innfallsport for ein kraftig offensiv frå norsk og utanlandsk imperialisme. Rettar og vilkår som folket hadde slåst seg til, ville gå tapt, og mulighetene til å føre kamp for å hindre forverring ville bli kraftig redusert.

Men forsvar av sjølråderetten var ikkje mindre viktig sett ut frå våre langsiktige mål. Den sosialistiske revolusjonen vil møte langt hardare motstand i eit halvkolonial Norge under vest-tysk imperialistisk dominans. Heile Europas reaksjon ville kunne mobiliserast mot den norske arbeidarklassen. Europahæren ville kunne setjast inn mot ei norsk arbeidaroppstand. I eit Norge med nasjonal sjølråderett vil motstandaren vere svakare, samstundes som den sosialistiske staten økonomisk og ressursmessig vil ha støare bein å stå på.

Denne linja utvikla vi gjennom oppsummering av vår praksis og dei røynslene som vi gjorde i kampen - vegleidd av studier av klassikarane innan marxismen-leninismen - særleg Lenin og Stalin.

Vi ser ingen grunn til å løyne at vi i den aller første fasen av kampen hadde tendens til vakling på det nasjonale spørsmålet. Ein artikkkel i KK nr. 10 1970 hevda at EEC-medlemskap ikkje ville bety noko nasjonal undertrykking av Norge. Også andre stader var det tendens til å gjøre spørsmålet om sjølråderett mindre viktig. Men slike tendensar gjorde vi opp med straks.



Men den linja Overrein stiller opp, er ikkje berre oppattaking av feila frå hausten 1970. Overrein går lenger og hevdar synspunkt som m-l-rørsla aldri nokosinne har stått for. "EEC-kampen blir ikke gjort til et spørsmål om samfunnssystem, sosialisme eller kapitalisme", hevdar han i "Ved en skillevei" (VES) s. 18. "Parolen om kamp for norsk sjølråderett kan bare stilles opp i samband med parolen om kamp for sosialismen", dreg han som konklusjon (VES s. 21). Og Hans Ebbing gjev denne linja eit "teoretisk" preg: "Dersom kampen om sjølråderetten ikke primært går mellom en sosialistisk og en borgersklig sjølråderett (med andre ord: revolusjonær kamp for å knuse/forsvare et statsapparat) men til forsvaret for en borgersklig sjølråderett, da går hovedmotsigelsens grense mellom to fraksjoner i borgerskapet, den fraksjonen som har fordelar å oppgi sjølråderetten og den fraksjonen som har fordel av å opprettholde den."

Først om Ebbings "teori" om borgarleg og sosialistisk sjølråderett. Sjølråderetten er med Lenins ord: Retten til eigen statlig eksistens. Denne retten har ikkje i seg sjøl nokon klassekarakter, men kan tenne ulike klassar i ulike historiske situasjonar. I Norge i dag er det arbeidarklassen, småborgarskapet og faktisk deler av det lågare og mellomstore borgarskapet som har interesse av å oppretthalde sjølråderetten, medan monopolkapitalen og deira handlangarar (f.eks. DNA/LO-leiinga) ønsker å oppgje den. Men dette må ikkje blandast saman med statens klassekarakter. Den norske staten er framleis eit borgarleg undertrykkingsapparat. Likevel må ikkje kommunistane sjå seg så blind på dette at dei ikkje evnar å stå i første rekke i forsvaret av sjølråderetten. Denne retten er det i dag arbeidarklassen som evnar å forsvare mest konsekvent - medan dei delene av borgarskapet som finst innanfor fronten er langt meir vaklende og let seg lettare utsetje for press frå fienden. Korvald-regjeringas holdning til utviklingsklausul i handelsavtalet er tydeleg prov på dette.

forts. s. 8

Styrk fagbevegelsens kampkraft!

ENHET FOR ARBEIDERKLASSENS INTERESSER!

Vi oppfatter Overreins artikkel "Ved en skillevei" som en programartikkel. At han sjøl etterpå sier at deler av den bare er "tanker" kan ikke få oss til å tro at han ikke mener dem alvorlig.

OM FAGFORENINGENES ROLLE.

Overrein: "Det må gjøres helt klart for arbeiderne at LO i allfall ikke i sin helhet kan bli en organisasjon som "tjener arbeiderklassen". Dette er en sak som det vil være ganske vanskelig å "gjøre klart" for arbeiderne. Fagbevegelsen med sine feil og sin dirigering fra toppen er likevel den norske arbeiders styrke. Det er fagbevegelsen og dens enhet som har brakt arbeiderne dit de står i dag. Hva vil Overrein tilby arbeideren som erstatning for fagbevegelsen som han så lettvint avskriver? Vi siterer videre: "De lokale foreningene må kjempe ut fra et anti-kapitalistisk perspektiv, for bare dette perspektivet kan gi vari-ge-forbedringer. Om dette er umulig, må vår politikk gå ut på å danne egne grupper av de mer framskredne arbeidere." (s. 32) Lenger opp på samme side sier han: "Erfaringer fra de mer framskredne land som f.eks. Italia, tyder på at arbeiderne må organisere seg utenfor de reformistiske eller direkte borgerlige fagforeningene." (At han seinere unnskylder sin manglende forståelse for fagforeningspolitikk ved å tilføye at han "vanskelig kan si noe mer bestemt om kampformene", svekker på ingen måte inntrykket av at han fører ut ei konsekvent linje i denne saken).

Hvorledes står så Overreins politikk for fagbevegelsen i forhold til marxismen-leninismen og norsk virkelighet?

MARXIST-LENINISTER OG ARBEIDET I FAGBEVEGELSEN

Lenin - som Overrein ellers prøver å bruke mot AKP(m-l) - uttaler seg ganske entydig om den linja Overrein fører fram:

"Men kampen mot "arbeideraristokratiet fører vi på arbeidermassenes vegne og for å vinne disse over på vår side. Kampen mot de opportunistiske og sosialsjávinistiske lederne fører vi for å vinne arbeiderklassen over på vår side. Å glemme denne helt elementære og helt sørklare sannhet ville være en dumhet. Og nettopp denne dumhet begår de tyske "venstre"-kommunistene, som av den reaksjonære og kontrarevolusjonære ånd hos de øvre lag i fagorganisasjonen trekker slutningen: Gå ut av fagorganisasjonen!! Oppgi å arbeide i den!! Skap nye, OPPKONSTRUERTE former for arbeidernes organisasjon!! Dette er en utilgivelig dumhet som er ensbetydende med at kommunistene gjør borgerskapet den største tjeneste.." (Lenin: Radikalismen - kommunismens barnesykdom. Bør kommunister arbeide i reaksjonære fagforeninger?)

Stalins analyser av den vest-europeiske fagbevegelsens sær preg, er en videreføring av og en fortsettelse av Lenins polemikk sørlig mot de tyske "venstre"-kommunistene. Marx og Engels står for den samme linja. Engels i brev til Marx i 1852.

Albanerne mener at grunnsteinen i en revolusjonær enhetsfront i vest-europeiske land må være fagbevegelsen. Dette standpunkt kan en enkelt komme fram til sjøl, det er som Lenin sier soleklart.

LITT OM NORGE

Fagbevegelsen blei arbeiderklassens fortropp i kampen for dagskrava. De politiske arbeiderpartia oppsto seinere og sprang ut av fagbevegelsen. At DNA i dag er det partiet som har støtte i fagbevegelsen og dermed i den altoverveiende del av arbeiderklassen, skyldes ikke - som Overrein synes å tro - at dette partiet har smidd fagbevegelsen om sitt parti. Arbeiderpartiets suksess ligger først og fremst i at de har greidd å isolere de revolusjonærer innflytelse og ført dem over i passivitet.

Hva er situasjonen i dag? I ERC-kampen lei DNA et nederlag uten sidestykke i norsk etterkrigshistorie. Presset fra grunnplanet øker. Flere og flere innser LO/DNA-ledelsens arbeiderfiendtlige politikk. Organisasjonen slår sprekker, folk mølder seg ut. Er det ikke i denne situasjonen en dobbelt dumhet å gå ut av fagbevegelsen? De anti-kapitalistiske arbeidergruppene ville bli nettopp den skyteskiva som Aspengren trenger. Med hyl og skrik om splittelse - "de motarbeider fagbevegelsen!" osv. - ville han isolere kommunistene og presse opposisjonen tilbake i folde.

Skal det bli noen revolusjon her i landet, må den bygge på arbeiderklassen. Skal vi vinne tillit i en stor del av klassen, må vi stille oss i spissen for arbeidet i fagbevegelsen og isolere de opportunistiske lederne. Dette kan vi bare greie dersom vi arbeider i fagbevegelsen for å styrke den gjennom å kjempe mot arbeideraristokratene i toppledelsen - mot Aspengren & Co. som forsøker å likvidere LO som kamporganisasjon.

Trekker vi oss ut av fagbevegelsen, isolerer vi oss sjøl i en sekterisk klick som av arbeiderklassen blir sett på som sabotører av fagbevegelsen. Vi overlater 90 % av industriarbeiderne til arbeideraristokratenes fortsatte ledelse - hjem tjener på det?

M-l-bevegelsen har aldri bommet på dette grunneleggende punktet. Overrens vakling her som i andre saker tyder på dårlig grep om den norske virkeligheten og sviktende skolering i marxismen - leninismen.

AVVIS ALLE FORVRENGNINGER AV MARXISMEN=LENINISMEN!

STØTT AKP(M-L)S RIKTIGE POLITIKK FOR FAGBEVEGELSEN:

- STYRK FAGBEVEGELSENS KAMPKRAFT!
- ENHET FOR ARBEIDERKLASSENS INTERESSER!

Tillitsmann i Jern og Met.

Kva følgjer ville det så ha fått dersom vi "gjorde kampen mot EEC til eit spørsmål om sosialisme eller kapitalisme", og gjorde sosialistiske paroler til dei samlande og sentrale i fronten vi bygde opp? Vi trur det ville endt slik: M-l-rørsla og den organisasjonen vi evt. hadde bygt opp rundt oss, ville ha stelt seg utanfor heile den masserørsla som oppsto kring Forsvaret av sjølråderetten. Vi ville ikkje kunne gjøre noko for å påverke motstandsfronten med vår politikk. Resultatet hadde blitt at den borgarlege og småborgarlege innverknaden på motstandsfronten hadde blitt langt sterkare. Kommunistane hadde friviljug geje avkall på eit utmerka növe til å knyte sin eigen kamp saman med folkets. Uansett kor "sosialistiske" parolane våre hadde vore - borgarskapet hadde gledd seg stort!

Sjøl om folkerøystinga er over, så er ikkje sjølråderetten trygg. M-l-rørsla har lagt opp ei linje for kampen framover som inneber å oppretthalde fronten mot EEC kring krav til

handelsavtalen av typen MEI TIL UTVIKLINGS-KLAUSUL, MOT AT OLJA VERT TINGINGSTELA, FOR-SVAR AV RETTEN TIL STATLEGE TILTAK I DIST-RIKTPOLITIKKEN og andre. Dessutan går vi inn for å utnytte sjølråderetten til å reise kamp for krav som t.d. 50. mils fiskeri-grense. Dette er ein politikk ut frå arbeidarklassens og folkets interesser i dag.

Frå Arne Overreins gruppe krev vi svar på følgjande: Kva politikk har utbrytargruppa å stille opp med? Held dei fast på "venstre"-linja si, går dei inn for å gjøre Ak-med eller FB til "sosialistiske frontar"? Står dei saman med oss om krava vi har stilt, eller er det slike krav som skaper "illusjoner om ein norsk folkevennleg kapitalisme"? Er det "revolusjonær kamp for å knuse statsapparatet" som er politikken i månadene som kjem? Ein organisasjon med ansvar overfor arbeidarklassen må ha eit klart svar på desse spørsmåla.

Småborgarskapet, forts.

ruin eller proletarisering. Difor har dei objektive interesser av sosialismen. Berre i eit sosialistisk Norge kan jordbruks- og fiskerinæringa tryggjast på basis av sjølberging og fornuftig utnytting av ressursane. Berre sosialismen kan gjere varige sigrar i kampen mot avfolkning og rasering - og gjøre den norske landsbygda til levedyktige samfunn.

Difor meiner AKP(m-l) at ein av dei viktigaste oppgåvene for den sosialistiske revolusjonen i Norge er å tryggje småproduksjonen på landsbygda gjennom statleg støtte. Overrein-gruppa går inn for "betinka" støtte - ingen støtteformer skal komme i motsetning til kollektivisering av jordbruket. Sjøl vil vi aldri løyne at kollektivisering og sosialistiske produksjonsforhold er dei endelege måla våre. Men ut frå røynslene i sosialistiske land innser vi at dette er ein langvarig prosess, som må ta utgangspunkt i småborgarskapets verkelege interesser og ønsker. Gjennom diskusjon og overtaling på demokratisk vis, og gjennom vilkårsiause garantiar til dei bøndene som ikkje i første omgang let seg overtale - berre på den måten kan vi bygge sosialismen på landsbygda samstundnes som vi tek vare på og styrkjer einskapen i folket.



Noen folk har lest noen få marxistiske bøker, og tror selv de er svært så lærde, men det de har lest har ikke trengt inn, det har ikke slått rot i deres bevissthet. Derfor vet de ikke hvordan de skal bruke det, og deres klassefølelser er de samme som før. Andre er svært så innbiliske og har lært seg noen fraser fra bøker. De tror selv de er fryktingydende og er meget kjephøye. Men hver gang det blåser opp til storm, inntar de et standpunkt som er hølt forskjellig fra det standpunktet arbeiderne og flertallet av bøndene inntar. Når arbeiderne og bøndene står fast på sitt standpunkt, vaker disse folk, og når arbeiderne åg bøndene taler rett ut, uttaler de seg tvetydig.



Bønder går til kamp mot EEC. "Snevre nærringsinteresser utan anti-imperialistisk perspektiv"?



Avisa til Arbeidernes Kommunistparti
(marxist-leninistene)

**Har DU
abonnerert?**

**40 kroner
ut året!**

Vi tilbyr nye abonnentar avis
for spesialpris: Frå 1. mars og
året ut kan du få abonnement for
40 kroner!

Om du er interessert, send inn
pengar så snart som mogleg. Di
fleire abonnentar, di før kan
Klassekampen bli både større og
bætre.